



forum for  
natur og friluftsliv  
Møre og Romsdal

Molde kommune  
Rådhusplassen 1  
6413 Molde

Dato: 28.04.2014

## Uttale – FV 64 – Kryssing av Langfjorden – varsel om oppstart av reguleringsplan

Syklistenes Landsforening (SLF) er kvardagssyklistenes viktigaste interesseorganisasjon. Organisasjonen har høg kompetanse innanfor planlegging og tilrettelegging for kvardagssykling og SLF arbeider for å betre forholda for syklistar og for at sykling skal vere trygt og attraktivt for folk flest. FNF Møre og Romsdal er eit samarbeidsforum for natur- og friluftslivsinteresserte organisasjonar i Møre og Romsdal og engasjerer seg i saker som påvirker natur og friluftsliv i fylket. Vi ønskjer med dette å kome med ein felles uttale til plana som no er til høyring.

Vi viser til no utlagt plan for kryssing av Langfjorden for trafikantar mellom Rauma og Molde kommunar med uttalefrist 22.04.2014 (utsatt frist til 29.04.2014).

Pr dato er det ferje mellom Åfarnes-Sølsnes med ei overfartstid på om lag 10 min, avstand 3,1 km og strekninga er flat (sjølvsagt). Denne løysinga gjer at alt folk uavhengig av om dei er gåande, syklande, bilande eller bussande kjem seg over fjorden. Vi vil i det følgjande gjere greie for korleis vi ser på fjordkryssing ved undersjøisk løysing (tunnel);

### Innleiing

Vi jobber for at det skal vere enklare å velje miljøvenlege transportformer, og at det skal finnes eit reelt alternativ til å nytte motoriserte kjøretøy. Eit godt, gjennomtenkt og tilrettelagt gang- og sykkelvegnett i byar, tettstader og mellom tettstader vil forhåpentlegvis føre til eit sunnare og sikrare miljø for innbyggjarane, som fristar til meir fysisk aktivitet.

---

**Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal**

Kommunehuset, 6631 BATNFJORDEN

Mob: 46 43 14 27 E-post: [moreogromsdal@fnf-nett.no](mailto:moreogromsdal@fnf-nett.no)

Kontonr. 4202 32 54314 [www.fnf-nett.no](http://www.fnf-nett.no)

## **Innkorting av avstand ?**

Vi les i bakgrunnen til plana at den blant anna skal gje trafikantane i transportkorridoren Åndalsnes – Molde eit raskare samband. Avstand Røa elv til Sølsnes ferjekai er 6030 meter slik vegbana ligg no. Med ei utretting av svingane vil denne bli omlag 4640 meter. Det betyr at avstand Røa elv til Åfarnes vil vere  $(4640+3100=)$  7740 meter. Den planlagte undersjøiske tunellen om Veøya og Hestholmen er planlagt til 11000 meter jfr plana, noko som altså vil vere 3260 meter lengre. Tunell Siem-Lerheim på 1180 meter (mot no ei strekning på 3240 meter) vil gje ein avkorting på 2060 meter samt ta vekk dei farlege stadane Hamresvingen, Jektviksvingen, Lerheimssvingen og Lerheimsskiftet. Likeins ein tunnel ved Bjørga ville korta inn vegen med 300 meter samt teke vekk ulykkesstaden Bjørga. Dette samt andre mindre opprettingar ville føre til ein totalt innkorting av vegstykkjet Røa elv til Bjørga på 5620 meter. Vi meiner at om ein vil korte inn avstanden mellom Åndalsnes og Molde er det mykje å hente berre ved å utbetre og rette ut eksisterande vegstrekningar. Og så vil det også ha den fordel at trafikkløysinga ikkje vil vere ekskluderande på deler av befolkninga då gamlevegen vil vere der for dei gåande og syklande.

## **Ekskluderande ?**

Pr dato er det ferje mellom Åfarnes-Sølsnes med ei overfartstid på om lag 10 min, avstand 3,1 km og strekninga er flat. Denne løysinga gjer at alt folk uavhengig av om dei er gåande, syklande, bilande eller bussande kjem seg over fjorden.

Vegen eig vi alle. Eller gjer vi det ? Ein løysing med tunnel er jo ikkje for dei som går, sykklar eller som får klaustrofobisk oppleving med tunnel. I ein slik setting er ei tunnelloysing ekskluderande for ein større del av befolkninga. Med ei løysing med bru vil ikkje nokon planmyndigheit i dag finne på å planleggje brua utan at gåande og syklande kan bruke den. Ferje eller ei bruløysing vil vere open for alle og vil soleis vere løysinga for sambandet Åfarnes – Sølsnes. Ein undersjøisk tunnel er ekskluderande. Og den er ekstremt ekskluderande for syklistar då sykkel beveger seg over langt større avstandar enn dei gåande. I dette tilfelle mellom aksene Åndalsnes og Molde.

## **Sykkelturisme med framtid ?**

Vi har allereie i dag Fannefjordtunnelen som stenger ute syklistar frå offentleg veg mens det ikkje finnes eit reel alternativ då omvegen (om Osen) er både lang og trafikkfarleg (spesielt strekninga Lønset -Hjelset). I tillegg blir det no planlagt kryssing av Langfjorden via undersjøisk tunnel som nok ein gang vil stenge ute syklistar og som vil lett kan føre til kroken på døra for «kommunesykling» (langdistansesykling) på den viktige sykkelaksen Molde – Åndalsnes. Ikke minst går dette ut over sjøldreve (self supported-) sykkelsturisme. Årleg er det mange ferjesyklistar som besøker vår region. Det er både norske, men særlig mange utenlandske tursyklistar som frekventerer strekninga Atlanterhavsveien – Molde – Åndalsnes. Frå Åndalsnes er det tilgang til toget til Oslo eller å sykle vidare over Trollstigen. Skuffa er dei for kvar gong, syklistane som møter Fannefjordtunnelen. Ny tunnel over Langfjorden vil sette ein effektiv stopper for syklistanes besøk i vår region. Sannsynligvis vil dei sprekaste velgje fjellovergangen til Eresfjorden for å deretter sykle direkte til Batnfjord, altså ein bypass av Molde. Andre vil skrinleggje planane. Også øyhopping vil bli mindre attraktivt av same grunn.

## Vegen for alle ?

Vi registrerer ein stor stort politisk iver i å realisere fleire undersjøiske tunnelar som utelukkande fokuserer på rask og effektiv motorisert ferdsel. Desse stenger automatisk ute ikkje motorisert kjøretøy frå å bruke offentleg veg. Bru i staden for tunnel hadde løyst mye av problema.

KU for Rv. 64 Åfarnes – Søsnes Langfjordkryssing, peika allereie i 2007 på den store negative effekten på transporttilbod for sykklistar, men utan å komme med forslag korleis ein kunne kompensere for dette. Jfr føresegn etter Vegtrafikkloven §13 skal syklistane sin plass i trafikkbiletet avklarast ved all planlegging og utbygging av det offentlige vegnettet. Vi kan ikkje sjå at syklistane sine interesser her er ivaretekne på ein god måte.

Det er Fylkeskommunale initiativ og vedtak som står bak det aller meste av problema dette skaper for sykklistar og slik sett er det også fylkeskommunen som burde vere ansvarleg for å løyse dei ?

## Korleis løyse floka ?

Ved planlegging av undersjøiske krysning av fjordar og påfølgjande nedlegging av ferjesamband skal syklistane sine behov takast omsyn til ved fysisk å legge til rette for at det framleis skal kunne nytte sykkel som kjøretøy i dei aktuelle samband. Med andre ord krevst det ein vurdering av korleis sykkeltrafikken kan ivaretakast (i tråd med krav i Vegloven) om sykling i tunnelen ikkje blir tillete. Om busstransport skal nyttast, så skal dette vere eitt breitt tilbod på alle bussar og skal vere kostnadsfritt for person med sykkel. (Jmfr. Elbil-ordninga i tunnelar og bom-stasjonar). Når el-bilen blir tilgodesett så til dei grader bør sykkel få minst like store fordelar

## Konklusjon

Vi ser at offentlege myndigheiter snakkar mykje om miljøvenlege løysingar innan transport. Her har ein moglegheita til å vise at ein meiner alvor med sine miljøfyrtårn, klimamål og global solidaritet. **Vi ber om at om ein ønskjer å gå vekk frå ferja som transportform for kryssing av Langfjorden, så byggjer ein bru med tilgjenge for gåande og syklande fysisk adskilt frå motoriserte farkostar.** Vi må våge å satse samferdselspengar til tilrettelegging for syklistane og ikkje ta krokfot på alt ikkje-motorisert rørsle med håplause tunnelar.

Om ein velgjer å gå vidare med planane med tunnel ber vi om at ein gjer greie for;

1. Kva enkle utbetringar på vegstykkjet Molde – Åndalsne vil utgjere i avstands- og tidsbesparingar (som skissert med Hamresvingen, Bjørga og liknande ovanfor) i høve til kva ein oppnår ved ein tunnelloysing.
2. Ein vurdering av korleis sykkeltrafikken kan ivaretakast (i tråd med krav i Vegloven) om sykling i tunnelen ikkje blir tillete.
3. Vi ber Molde kommune og Vegvesenet sjå på Nasjonal transportplan knytt til sykkelstrategi og sette seg opp eigne målbare mål for sin strategi for syklande på strekninga Molde - Åndalsnes.
4. Ei vurdering av tiltaket knytt til Naturmangfaldlova.

Vi ser for oss følgjande forventingar om ein velgjer tunnelloysing;

1. Det må settast krav om at bussar bør tilpassast sykkeltransport ved tinginga av alle nye bussar som skal gå på strekningar der det ikkje er råd å sykle.
2. Det må etablerast eigne oppstillingsplassar for sykkel ved begge endar av tunnelen der bussen kan plukke opp syklist samt sykkel. Dette inneberer også ei tavle med informasjon om transporttilbodet.
3. Det skal vere gratis for sykkel og syklist på bussen, dette for å kompensere for dei store ulempene syklistar blir tilført, då bussen har få avgangar enn ferja. Ein står dessuten i fare for å bli avvist av sjåføren når det ikkje er plass til sykkel.
4. Bussen må kunne handtere opp til 4 sykklar pr tur (familie med to syklande barn)
5. Det må vere enkelt å lempe sykkelen på bussen (sykkelkrok?)

Helsing

*Berry van der Bosch*  
Sylstenes Landsforening

*Ingbjørn Bredeli*  
Forum for Natur og Friluftsliv i Møre og Romsdal